

Til redaksjonen



Pressemelding frå Vestlandsrådet

28.06.2021

## Vestlandet foreinar kreftene i ny, felles næringsstrategi

Med utarbeiding av felles næringsstrategi, så står Vestlandet endå sterke saman om næringsutviklinga i landsdelen. Strategien viser for alvor felles interesser og felles moglegheiter for heile regionen.

- *Med denne næringsstrategien ønskjer Vestlandsrådet å skape eit endå sterke fundament for samarbeid, vekst og bærekraftig utvikling i regionen, sier Per Vidar Kjølmoen, fylkesvaraordfører i Møre og Romsdal (Ap) og leiar for styringsgruppa for ny næringsstrategi.*

Strategien som er blitt utarbeida i tett samarbeid aktørar frå næringslivet, akademia og FOU-miljø langs heile Vestlandet, byggjer på regionen sine komparative fortrinn der havet og naturen gir enorme moglegheiter for vekst. Vestlandet har potensialet til å ta posisjonen som den fremste havregionen – ikkje berre i norsk næringsliv, men også internasjonalt.

- *På same måte som vi bygde olje- og offshorenæringa på skuldrane til shipping, må vi framover byggje nye næringar på skuldrane til olje- og offshorenæringa. Mykje av den leiande kunnskapen og teknologien opparbeida i den næringa kan bli overført og brukt innan andre, veksande havnæringar, seier Sigrid Brattabø Handegard i hovudutval for næring i Vestland fylke.*

Næringsstrategien peikar óg på behovet for å bli betre på å eksportere kunnskap og teknologi.

- Vestlandet har tradisjonelt vore veldig sterke på råvareeksport, no skal vi bli minst like flinke på teknologiekspertise, seier leiar Solveig Ege Tengesdal i Opplæringsutvalet i Rogaland fylkeskommune.

Næringslivet ønskjer at den statlege styringa og forvaltninga skal sitje tettare på naturressursane og næringsmiljøa dei skal fremje.

- *Vi skal difor jobbe for å få fleire offentlege arbeidsplassar til Vestlandet, samstundes som vi sikrar at Vestlandet oppnår ein rettmessig representasjon i dei utval og beslutningsorgan som legg føringane for næringsutviklinga i vår landsdel, seier Kjølmoen.*

Strategiarbeidet har involvert representantar frå ulike næringar, akademia og FOU-miljø, i tillegg til fylkespolitikarar og dei fylkeskommunale næringsavdelingane.

- *Nøkkelen til å lukkast med strategien er å styrke dette samspelet óg på vegen vidare. Vi skal fremje felles interesser og skape ei felles, sterk røyst på vegne av næringslivet på Vestlandet, seier Tengesdal.*

Media og andre interesserte kan følgje lanseringa direkte på [www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)

**For ytterlegare informasjon:**

Per Vidar Kjølmoen, tlf: 917 99 964

Solveig Ege Tengesdal, tlf: 907 22 027

Sigrid Brattabø Handegard, tlf: 971 56 165

**Vestlandsrådet:**

- Vestlandsrådet er eit politisk samarbeidsråd mellom fylkeskommunane i Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal.
- Vestlandsrådet er danna for å styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt, og utgjer ei politisk kraft som er sterkare enn den dei deltagande fylkeskommunane er kvar for seg.
- Vestlandsrådet består av representantar frå fylkestinget sine medlemmer i dei ulike fylka.
- Leiinga av Vestlandsrådet går på omgang og i 2021 har Møre og Romsdal fylkeskommune med leiinga.